



Arkivnr: 2014/582-10
Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.05.2018

Sal av ubebygd areal - Osterøy vidaregåande skule

Samandrag

Osterøy kommune har vedteke plan for nær 200 bustadeiningar på eit 120 daa stort område sør for Osterøy vidaregåande skule. Om lag 2 daa av eigedomen der skulen ligg, er regulert inn i planen, og utbyggjar har behov for å erverve dette.

Fylkeskommunen har ikkje behov for det aktuelle arealet. Arealet er regulert til mellom anna avkøyrsløse til heile bustadområdet, og er difor naudsynt for realiseringa av planen.

Vi har innhenta takst for arealet, og utforma ein kontrakt om kjøp som utbyggjar har signert. Prisen er kr 100 pr. m², totalt kr 208.000,- for arealet. Det er i taksten tatt omsyn både til alternativ påreknelig tomteutnytting, til at det er regulert til veg og friområde, og at det er nøkkelen til å utvikle bustadområdet.

Økonomi: Inntening på kr 208.000 pga. sal av areal.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Sal er i samsvar med privat plan.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at arealet vert selt til utbyggjar på vilkåra som går fram av vedlagt kjøpekontrakt.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne på kjøpekontrakten.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Oversiktskart
- 2 Kjøpekontrakt
- 3 Takst

Fylkesrådmannen, 23.03.2018

Osterøy kommune har vedteke plan for opp til 191 bustadeiningar på eit 120 daa stort område sør for Osterøy vidaregåande skule. Planen heiter Fugledalen Bustad-Hatland med plannummer 1253 2012 001. Om lag 2 daa av eigedommen gnr. 14 bnr. 376 der skulen ligg, er regulert inn i planen, og utbyggjar har behov for å erverve dette. Vedlagt oversiktskart syner området med arealet.

Fylkeskommunen har ikkje behov for det aktuelle arealet. Arealet er regulert til mellom anna avkøyrsløse til heile bustadområdet, og er difor naudsynt for realiseringa av planen.

Vi har innhenta takst for eigedommen som utbyggjar har akseptert. Vi har også utforma ein kontrakt om kjøp som utbyggjar har signert. Prisen vert kr 100 pr. m², totalt kr 208.000,- for arealet. Alle kostnadene med frådeling fall dessutan på kjøpar. Kontrakten og taksten er vedlagt.

I taksten er det tatt omsyn til at nærleiken til offentleg veg gjer arealet ueigna til bustad/næring i framtida. Taksten tek òg omsyn til at arealet er naudsynt for å realisere bustadområdet, som gjev arealet ein høgare verdi enn det elles ville hatt. Fylkesadministrasjonen har også sett på prisar i nærleiken til mellom anna skuleformål, og vi meiner taksten gjev ei realistisk prisvurdering av arealet.